



Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Vår ref.
13/1458/026/PEBE/

Dykkar ref.

Dato:
19.06.2014

Høyringsuttale til lovframlegg om stateleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar

Syner til brev av 14. mai 2014. Saksnr. 14/3975

Først vil Norddal kommune uttrykke undring over at lover trer i kraft lenge før fristen for høyringa.

Sjølvsom det er heimel for dette i grunnlova § 97.

Norddal kommune vil gå imot lovframlegget då dette grip sterkt inn i den lokale sjølvråderetten.

Mykje av den gode utviklinga i samfunnet er fundamentert på at kommunane har lagt til rette for gode tenestetilbod til innbyggjarane, og vore aktive medspelarar i næringsutvikling lokalt. Sjølvsom det står føre ei kommunereform kan det ta lang tid før endeleg og ny struktur er på plass. Praktiseringa av eit slikt lovframlegg kan vere til hinder for framleis utvikling i lokalsamfunna.

(Uttalen vedteken i kommunestyret i Norddal 19.06.2014)

Med helsing

Per Magnus Berdal
fungerande ordførar